


Planstrategi 2023-2027

Vedtøken av Time kommunestyre xx.xx.2024



Trygg og framtidsetta
time.kommune.no



Innhold

Innleiing	4
1. Kommunalt planarbeid	4
1.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.....	5
1.2 Erfaringar med gjeldande planstrategi	5
2 Utfordringsbilde i Time kommune.....	6
2.1 Arealbruk.....	6
2.1.1 Jordvern	6
2.1.2 Landbruk.....	6
2.1.3 Bustad- og næringsareal	7
2.1.4 Kommunale arealbehov	7
2.1.5 Samferdsel	7
2.2 Folkehelseprofil 2024-2027	7
2.3. Demografisk utvikling og befolkningsamansetting.....	8
2.4 Økonomisk berekraft.....	10
2.5. Miljømessig berekraft	12
2.5.1 Klimaendringar.....	12
2.5.2 Klimatilpassing.....	13
2.5.3 Naturmangfald	13
2.5.4 Vassdragsforvaltning	13
2.6. Sosial berekraft.....	13
2.7. Samfunnsdeltaking.....	14
3. Oppfølging av FN sine berekraftmål.....	15
4. Planbehov for perioden 2024-2027	17
4.1 Digitalisering og kunstig intlegens.....	17
4.2 By-, tettstad- og samfunnsutvikling	17
4.3 Arealplanar	18
4.4 Samfunnstryggleik og beredskap	20
4.5 Landbruk	21
4.7 Oppvekst, helse og levkår	22
4.7.1 Oppvekst.....	22
4.7.2 Helse	24
4.7.3 Folkehelse.....	24
4.8 Klima, miljø og natur	25
4.10 Eigarskapspolitikk.....	27
5 Planstrategi 2024-2027.....	28

5.1 Oversikt over planarbeid som vert vidare- eller slutført i perioden	28
5.2 Planar som vert reviderte eller utarbeidde i valperioden 2023-2027	28


Planstrategi 2023-2027

Innleiing

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatta ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov. Planstrategien skal vurderer om gjeldande kommuneplan skal reviderast i perioden og om det er behov for å setta i gang arbeid med nye arealplanar i valperioden, eller om gjeldande planar bør reviderast eller opphevast.

1. Kommunalt planarbeid

Det kommunale plansystemet er bygd opp i tråd med modellen under. I starten av kvar kommunestyreperiode vert det vedteke kommunal planstrategi. Planstrategien legg dei overordna føringane for kommunen sitt planarbeid i perioden basert på forventna samfunnsutvikling og identifiserte planbehov. Det vert i planstrategien også teke stilling til om kommuneplanens samfunnsdel og arealdel skal reviderast. Vurderingane i planstrategien er bygd på eit omfattande kunnskapsgrunnlag som mellom anna bygger på kommunen sitt oversiktsdokument over folkehelsa, kva planar som er modne revisjon, kommunen si økonomiske utvikling, KOSTRA-rapportar og andre offentlege databasar.



Etter planstrategien er det kommuneplanens samfunnsdel og arealdel som legg føringane for areal- og samfunnsutviklinga i kommunen. Økonomiplanen er kommuneplanens handlingsdel og kan også fungere som handlingsdel for andre planar, som for eksempel strategiplanar og temaplanar som for eksempel folkehelseplanen og trafikktryggleiksplanen.

Etter kommuneplanen og økonomiplanen kjem kommunedelplanar, område-/detaljplanar og strategiske planar/temaplanar.

1.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Desse forventningane skal leggest til grunn i kommunen sitt arbeid med planstrategi for perioden.

Regjeringa legg vekt på at me står overfor fire store utfordringar:

1. Å skapa eit berekraftig velferdssamfunn.
2. Å skapa eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning.
3. Å skapa eit sosialt berekraftig samfunn.
4. Å skapa eit trygt samfunn for alle.

Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftmål skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i hovudutfordringane også i Norge. Det er derfor viktig at berekraftmåla vert ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Berekraftmåla skal sikra sosial rettferd, god helse og stanse tap av naturmangfald og klimaendringar.

Nasjonale forventningar har fire hovudområde:

1. Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling.
2. Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet.
3. Berekraftig areal- og transportutvikling.
4. Byar og tettstadar der det er godt å bu og leva.

Regjeringa legg vekt på at det vert lagt til rette for at innbyggjarar, organisasjonar, frivillig sektor og næringslivet kan delta i planprosessane. Dette kan skje ved at planprosessane vert gjort tilgjengelege og forståelege, og ved at det vert lagt spesielt til rette for barn og unge og andre grupper som ikkje er i stand til å delta direkte.

Regjeringa forventar at kommunane planlegg aktivt for å motverka og førebygga levekårsutfordringar og bidreg til utjamning av sosiale forskjellar. Det er også ei klar forventning til kommunane at dei legg universell utforming til grunn i planlegging av omgjevnadar og bustadområde og tek i vare folkehelseomsyn i planlegginga.

1.2 Erfaringar med gjeldande planstrategi

Planstrategi 2019-2023 vart evaluert av formannskapet i september 2023. Det vart konkludert med at strategien har vore eit effektivt styringsverktøy, men at det kan vere hensiktsmessig å kutte ytterlegare i mengde planar, dette gjeld særleg områdeplanar på Håland.

Utover områdeplanane på Håland er det fleire planar som ikkje har vorte revidert i perioden. Dette må sjåast i samheng med at pandemien forseinka framdrifta i fleire planar, og at det har vore kapasitetsutfordringar i kommunen si planavdeling.

2 Utfordringsbilde i Time kommune

2.1 Arealbruk

Time kommune har i førre kommunestyreperioden revidert både kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kommuneplanen sin arealdel 2018-2030 er, etter ein omfattande prosess, utarbeidd i to fasar, og vart endeleg vedtatt juni 2021. Til kommuneplanen sin arealdel 2018-2030 vart det utarbeidd ein areal -og fortettingsstrategi 2018-2040. I samband med revidering av Samfunnsdelen 2022-2034 har areal- og fortettingsstrategien vorte revidert (Areal- og fortettingsstrategi 2022-2050). I sistnemnt strategi er det sett fast eit kommunalt jordvernmål. Målet er innarbeidd i kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034.

I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2018-2030 og Areal- og fortettingsstrategi 2022-2050 har kommunen vurdert sin arealstrategi opp mot Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke sin utviklingsstrategi. Ein har konkludert med at alle framtidige område for utbygging er vurderte til å bidra til regionalplanen si måloppnåing og derfor ikkje treng å verta tatt ut. To viktig prinsipp for arealstrategien er at kommunen skal vera ein føreseielege kommune og at langsiktig grense for landbruk skal ligga fast. Av desse grunnane skal hushaldering skje gjennom rekkefølgekrav og utan at dei framtidige områda for utbygging tas ut av arealdelen. Ved fastsetting av rekkefølgekrava i kommuneplanen sin arealdel 2018-2030 er «innanfrå-og-ut»-prinsippet lagt til grunn. Dette inneber at områda nærmast eksisterande busetnad vil kunna verta bygde ut før områda som ligg lengre vekk.

2.1.1 Jordvern

Jordvernmålet er sett med eit tidsperspektiv frå 2022 til 2050 i gjeldande samfunnsdel. Omdisponering av jordbruksjord til anna formål enn LNF skal i denne perioden ikkje vera meir enn i gjennomsnittet 45 dekar jordbruksjord per år. Tilrettelegginga for kraftkrevjande verksemd som er av regional interesse, utgjer meir enn halvparten av dette målet. Arealbehov for utviding av jernbanen til dobbeltspor og eventuelle behov for nye gang- og sykkelveggar var på tidspunktet ukjent, og det vart difor lagt inn ein buffer i jordvernmålet på 1,7 dekar/år.

Nasjonalt jordvernmål vart i 2023 endra til maksimalt 2.000 dekar. Time kommune må difor forventa å endre sitt jordvernmål til i storleiken 15-17 dekar pr. år. Dette ut frå Rogaland og Time kommune sin relative del av jordbruksarealet i Noreg.

Jordvernmålet inneber at alle områder planlagt regulert i arealdelen kan regulerast i perioden 2018-2050, med unntak av områda som har rekkefølgekravet «Utbygging etter 2030».

Konsekvensen av jordvernmålet er at behovet for bustader og næringsareal vil vera dekkja, men at kommunen må hushaldera enda strengare med dei framtidige areala til utbygging. Rekkefølgekravet «Utbygging ikkje før etter 2025/2028» bør difor verta revurdert og differensiert ved neste revidering av arealdelen. Områda med rekkefølgekravet «Utbygging ikkje før etter 2030» må få rekkefølgekravet «Utbygging etter 2050».

2.1.2 Landbruk

Aktivt landbruk, god forvaltning av areala og prioritering av ulike tiltak og økonomiske verkemidlar er viktig for å halda oppe og auka matproduksjonen i samsvar med dei nasjonale og regionale jordvernsmåla. Ny gjødselbrukforskrift er for tida på høyring og er venta og verte vedtatt i løpet 2025. Den nye forskrifta vil få konsekvensar for landbruksnæringa i heile landet, og spesielt for husdyrtette område som Jæren. Blant anna vert kravet til spreieareal for husdyrgjødsel skjerpa inn. Dette vil kunne få økonomiske konsekvensar for landbruksnæringa.

2.1.3 Bustad- og næringsareal

Kommuneplan sin arealdel har tilstrekkeleg areal for bustadbygging i perioden, både i Bryne og i tettstadane Lye, Undheim og Kvernaland. I prosessen har det vore eit særleg fokus på Lye. Dersom tettstaden skal oppretthalda skuletilbodet og fortsatt vera ein attraktiv tettstad, har kommunen føreslått å leggja til rette for utbygging langs fv. 506. Dette er gjort for å styrka sentrum og gjera Lye meir kompakt, samt for at Lyefjell skal kunna vera ein viktig tettstad når areala rundt Bryne ein gong i framtida er bygde ut.

Arealdelen legg til rette for næringsutvikling i kommunen, med spesielt fokus på området sett av til kraftkrevjande verksemd, inkludert verksemdar som høyrar til, samt på etablerte næringsområde på Håland og Kvernaland. Før det kan verta arbeidd vidare med regulering av nytt næringsareal på Håland, må først fortettingspotensialet på Håland verta avklart. Dei aller fleste næringsområde har regional verdi, noko som også gjeld større areal til masseuttak og massedeponi i kommunen, særleg på Kalberg.

2.1.4 Kommunale arealbehov

Kommunen har få eigedommar avsett i kommuneplanen til offentleg tenesteyting som ikkje alt er bygd ut eller i privat eige. Det er behov for nytt areal til barnehage (offentleg eller privat) i Bryne nord. Det vert for tida planlagt utviding av omsorgssenteret på Kvernaland. Det er likevel behov for å setta av ytterlegare areal til fleire omsorgsbustadar, då behovet er venta å auka i planperioden.

Private aktørar i regionen arbeidar med differensierte bustadformer og leilegheitsbygg med service- og fellesfunksjonar som kan vera med å leggja til rette for at eldre kan bu i eigen bustad lengst mogleg. Dette kan også vera eit tilbod som kan vera aktuelt i Time.



2.1.5 Samferdsel

Det er eit viktig overordna mål å få ned biltrafikken, noko som krev gode kollektivløysingar. Kommunen er avhengig av andre for å få eit betre tilbod. Dobbeltspor på Jærbanen vil vera eit viktig tiltak for å auka talet på reisande som vel å reisa kollektivt. Planforslag til «Kommunedelplan for Sørlandsbanen, Sandnes -Nærbø» har vore på høyring, og forventast å verta godkjent i 2025.

2.2 Folkehelseprofil 2024-2027

Time reviderte folkehelseprofilen sin i 2024, slik at folkehelseoversikta skulle vera klar til arbeid med planstrategi 2024-2027 starta opp.

Under viser dei områda som skal prioriterast i plan- og tiltaksarbeid. Desse prioriterte områda skal gje innspel til tiltak i og føringar for planar i Planstrategi 2019-2023.

Prioriterte område	Utfordringar
Mental helse  	Vald i nære relasjonar Auke i moderate og alvorlege tilfelle av psykiske vanskar blant unge

<p>Inntektsskilnader</p> 	<p>Aukande sosiale helseforskjellar</p> <p>Låg sysselsetting blant flyktningar</p> <p>Skulefråfall blant minoritetsspråklege</p>
<p>Trafikktryggleik</p> 	<p>Trafikkulykker</p> <p>Utrygge skulevegar</p>
<p>Eldressursen</p> 	<p>Aldrane befolkning</p> <p>Bustader som ikkje er egna for at eldre kan bu heime</p> <p>Mobilisera eldresressursen</p>
<p>Livsstil</p> 	<p>Låg fysisk aktivitet</p> <p>Aukande førekomst av overvekt og fedme</p> <p>Sette større fokus på kvinnehelse</p>


2.3. Demografisk utvikling og befolkningsammansetting

Folketalet ved utgangen av 2023 var 19 910 personar.

Folkeveksten i 2023 var på 0,65 % og det lågaste kommunen har hatt dei siste fire åra. Flytteeverskotet er på 48 personar, og ville vore negativ utan flyktningane. Fødselstala var låge i 2022 med 211 fødte og held fram lågt med 208 fødte i 2023. I 2021 var talet på fødte 210.

Utviklinga av folkemengda i Time har stor samanheng med den økonomiske konjunkturen, og særleg aktiviteten i oljesektoren. Folkeveksten kan delast inn i tre komponentar:

fødselsoverskot, netto innvandring (frå og til andre land) og innanlandsk flytting. De to første komponentane er nokså stabile over tid, medan netto flytting innanlands kan variera betydeleg frå år til år. Nettoflytting viser flytting både innanlands- og utanlands.



Folkeveksten tok seg gradvis opp frå 2017 til 2022, medan 2023 syner en markant nedgang. Både fødselsoverskotet og flytteoverskotet er låge i 2023.

Folketal 2020-2023 per aldersgruppe


	2020	2021	2022	2023	Endring	20-23
0-2	679	682	706	696		2,5 %
3-5	763	766	752	710		-6,9 %
6-12	2 013	1 988	1 997	1 930		-4,1 %
13-15	761	811	870	902		18,5 %
Sum 0-15	4 216	4 247	4 325	4 238		0,5 %
16-19	960	969	977	1 016		5,8 %
20-66	11 487	11 575	11 804	11 889		3,5 %
Sum 16-66	12 447	12 544	12 781	12 905		3,7 %
67-79	1 759	1 853	1 943	2 020		14,8 %
80-89	576	585	600	619		7,5 %
90+	108	124	132	128		18,5 %
Sum 67+	2 443	2 562	2 675	2 767		13,3 %
Sum	19 106	19 353	19 781	19 910		4,2 %

Kjelde: SSB

Den siste befolkningsframskrivinga viser ei auke i barn 0-2 år i perioden 2022-2035 på 6,9 %. Folketalet 3-5 år får ei auke på 5,6 %. Barn i barneskulealder får ein nedgang heilt fram til 2035. Elles er det verdt å merka seg at veksten i innbyggjarar over 67 år ligg på 56,1 % fram til 2035. Det er forventa størst auke i dei eldste aldersgruppene, både for 80 til 89 år og for 90 år og eldre.


Time er i dag eit fleirkulturelt samfunn med innbyggjarar frå mange ulike land. Russland sin fullskala invasjon av Ukraina i februar 2022 har ført til at Time har motteke og busett til saman 283 flyktningar i 2022 og 2023, mens det var planlagt for 60 i same periode.

2.4 Økonomisk berekraft



Kjelde: SSB

Det å vera i jobb er viktig for folk sine levevilkår både økonomisk og sosialt. Time kommune har i snitt hatt færre arbeidsledige enn i landet og fylket dei siste åra.




Kjelde: SSB

Barnefattigdom¹ har vore aukande i Time frå 2014 til 2018. Den same auken ser ein i nabokommunane og fylket. Time ligg likevel under landsgjennomsnittet og har hatt ein nedgang frå


¹ Definisjon på barnefattigdom etter EU-skala: personar under 18 år i privathushald med årleg inntekt etter skatt per forbrukseining under 60 % av medianinntekt.

2018 til 2022, og ligg 0,9 prosentpoeng lågare enn fylket. I ei tid prega av unormalt høg inflasjon og renteaukingar, så er denne aukinga mindre enn kva ein kunne forventa.




Kjelde: SSB

Talet på kor mange som har arbeidsstad i kommunen har dei siste åra låge relativt stabilt. Med korte geografiske avstandar mellom kommunane på Jæren og Nord-Jæren er derimot dette ikkje ein sentral indikator for jobbmoglegheiter som innbyggjarar i Time har.



Kjelde: Time kommune

Veksten i kommunen sine skatteinntekter har variert mykje dei siste åra. Dette skuldast mellom anna pandemi, endringar i skattereglar og inflasjon.



Kjelde: Time kommune

Rentenivået påverkar kommunen i stor grad. Renteutgiftene har auka vesentleg dei siste åra og ligg an til å etablera seg på et høgt nivå dei neste åra. Det betyr kommunen må bruke meir av inntektene på å betene låna sine.

2.5. Miljømessig berekraft

2.5.1 Klimaendringar

I starten av 2024 har den globale temperaturen auka med 1,1 gradar samanlikna med ein før-industriell tid. FN's framskrivingar på auke av global temperatur i 2100 strekk seg frå 1,8 gradar til 4,1 gradar. Konsekvensane i temperaturauke frå dagens 1,1 gradar og 1,8 gradar til 4,1 gradar er store. Det er klimagassutsleppa dei neste tiåra som avgjer omfanget av global oppvarming.

Klima- og miljøplan 2023-2033 beskriv korleis Time kommune arbeidar med å redusere klimagassutslepp i kommunen. Time kommune har politisk vedtak om ein 55 % reduksjon av klimagassutslepp, utan biologiske utslepp frå jordbruk, innan 2030 samanlikna med 2015. Landbruk og transport er dei to største kjeldene til klimagassutslepp i Time kommune. Time kommune arbeidar med å redusere klimautsleppa i landbruket saman med næringa sjølv om dei biologiske utsleppa er tatt ut av kommunens klimamål. For å redusere utslepp frå transport, arbeidar Time kommune med mellom anna eit fokus på å auka sykkelbruken. Andre viktige tema i klima- og miljøplanen er bygg og anlegg, energi, avfall, sirkulærøkonomi og innkjøp.

I 2024 er det berre seks år til 2030, og Time kommune er ikkje i rute med å nå klimamålet. Klima- og miljøplanen skal bidra til å lyfte det kommunale fokuset på å redusera utslepp av klimagassar. Eit viktig fokus framover vert å synleggjere klimaarbeidet i kommuneplanen, og i det daglege virke i heile kommuneorganisasjonen. I klima- og miljøplan 2023-2033 er det òg beskrive at det bør etablerast eit kommunalt klimabudsjett. Dette bør gå parallelt med økonomibudsjettet.

2.5.2 Klimatilpassing

Klimaendringane skjer nå, og den vil auke i tida framover. Klimatilpassing, som visar korleis ein skal tilpassa seg desse endringane, er inkludert som tema i klima- og miljøplan 2023-2033. Fokuset i dagens arbeid ligg på intern samhandling i kommunen om handtering av meir intens nedbør og overvatn. Time kommune må framover auka fokuset på klimatilpassing ytterlegare, og i eit større bilete sjå på klimarisiko. Ein veit at særleg Rogaland vil bli hardt råka av endringane som skjer indirekte som fylgje av fokuset på klimaendringar. Til dømes er det forventa ein nedgang i aktiviteten i den regionale petroleumsnæringa som vil gje betydeleg reduksjon i arbeidsplassar og dermed lågare inntekter til kommunen.

2.5.3 Naturmangfald

Naturmangfaldet er i sterk nedgang lokalt og globalt, og hovudårsaka er arealbruk og anna menneskeleg aktivitet. I Time kommune er det registrert 71 trua arter, der 41 av desse er fuglar. I Time kommune er naturen under press frå utbyggingsprosjekt og intensivering av landbruket. Andre utfordringar er framande artar, forureining, friluftsliv og klimaendringane.

Naturmangfald vil verte ein del av klima- og miljøplan 2023-2033. For å sikra ein god fagleg plan om naturmangfald, vart arbeid med denne delen starta opp i etterkant av klima- og miljøplan. Planprogrammet som vart vedtatt 18.11.2021, inkluderte tema om naturmangfald. Time kommune har også motteke støtte av Miljødirektoratet for å laga ein plan for naturmangfald, som skal på høyring hausten 2024.

2.5.4 Vassdragsforvaltning

Time kommune har fokus på vassdragsforvaltning i dei to dominerande og verna vassdraga; Håvassdraget og Orrevassdraget. Etter vassdirektivet skal alle verna vassdrag ha ein tiltaksplan. Det er utarbeida tiltaksplan for Håvassdraget.

Utfordringane i vassdraga er samansette og inkludera mellom anna dårleg kvalitet av vatn som følgje av høge næringsnivå, mykje finstoff som øydelegg habitat i elvebotn, lite vegetasjon langs vassdraga og nedbygging av areal.

Time kommune arbeidar saman med Klepp kommune med å laga ein tiltaksplan for Orrevassdraget. Klepp kommune er prosjektleiar. Det er òg initiert eit forprosjekt for å finne ein løysing på problema med flaum og erosjon i Roslandsåna nedanfor Bryne. Arbeid med tiltaksplanen for Orrevassdraget og forprosjektet for Roslandsåna skjer parallelt. Tiltaksplanen for Orrevassdraget skal etter planen på høyring hausten 2024.

2.6. Sosial berekraft

Den sosiale delen av berekraftig utvikling handlar om å sikra at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit meningsfylt liv. Utdanning, arbeid, likestilling og kulturelt mangfald med mange ulike lag og organisasjonar er viktige dimensjonar.

Det er mange sosioøkonomiske faktorar som peikar i rett retning i Time. Det er låg arbeidsløyse, mange unge som fullfører vidaregåande og relativt sett få unge sosialhjelpsmottakarar. Ein tendens er at dei ungdommane som har mentale helseutfordringar, treng tettare oppfølging enn tidlegare. Fortsett er det ein relativt høg del unge, ca. 20%, som

har overvekt eller fedme. Dette kan sjåast i samanheng med at mange unge tilbringar mykje tid på skjerm, og dermed er lite i fysisk aktivitet.

Time har færre i familiar med låg inntekt enn snittet i Rogaland og landet elles. Siste status for barnefattigdom er frå 2022, og 9,0% av barna i Time lev i fattigdom. Utviklinga dei siste åra har vore slik: 2021: 9,0%, 2020: 9,1% og 2019: 9,8%.² Arbeidsledige, aleineforsørgjarar og flyktningar er særleg utsette grupper. Det gjev utfordringar knytt til inkludering og integrering spesielt for barn og unge.



Time ville vanlegvis ha teke i mot og busett til saman 60 flyktningar i 2022 og 2023. Russland sin fullskala invasjon av Ukraina har ført til ei stor mobilisering for å ta i mot ukrainske flyktningar i Noreg og heile resten av Europa. Dette har ført til at Time har teke i mot og busett til saman 283 flyktningar i 2022 og 2023, kor den store majoriteten av desse er frå Ukraina.

2.7. Samfunnsdeltaking

Ein viktig indikator for samfunnsdeltaking er valdeltakinga. I lokalvalet i 2023 var deltakinga i Time ved kommunestyrevalet på 67,9 %, ein nedgang frå 2019 då deltakinga var 69,6 %. Deltakinga i fylkestingsvalet i Time var noko lågare på 63,7 % i 2023, mot 65,6 % i 2019. Landsgjennomsnittet for kommunestyrevalet var på 62,4 % og fylkestingsvalet var 57,3 %.

Etter valet auka kjønnsbalanse noko i det nye kommunestyret. I valperioden 2019-2023 var det 29,6 % kvinner, medan det for valperioden 2023-2027 er 33,3 % kvinner.

KS gjennomførte i 2017 og 2021 lokal-demokratiundersøking blant innbyggjarar i Time kommune. Denne synte at fleirtalet meinte at dei folkevalde er til å stola på og at dei har moglegheit til å påverka avgjersler i kommunen. Samstundes synar undersøkinga ei negativ utvikling frå 2017 til 2021 som må takast på alvor.



² Tala er henta frå Barne-, ungdom – og familiedirektoratet, under barnefattigdom.no

3. Oppfølging av FN sine berekraftsmål

Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftsmål, som Noreg slutta seg til i Parisavtalen, skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Difor er berekraftmåla det viktigaste grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Desse 17 utviklingsmåla skal fremja sosial, miljømessig og økonomisk berekraft, og skal mellom anna sikra sosial rettferd, god helse, stansa tap av naturmangfald og forhindre klimaendringar. Måla er vegvisaren mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt.

Her er alle FN sine 17 berekraftsmål:

1. Utrydda all fattigdom.
2. Utrydda svolt, oppnå matvaretryggleik og betre ernæring, og fremja berekraftig utvikling.
3. Sikra og fremja god helse for alle.
4. Sikra inkluderande og rettferdig kvalitetsutdanning for alle, og fremja livslang læring.
5. Oppnå full likestilling mellom kjønna, og myndiggjera kvinner og jenter.
6. Sikra berekraftig forvaltning av, og tilgang til, reint vatn og gode sanitærforhold for alle.
7. Sikra tilgang til berekraftig energi som alle kan ha råd til.
8. Fremja varig, inkluderande og berekraftig vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid til alle.
9. Bygga robust infrastruktur, fremja innovasjon og bidra til inkluderande og berekraftig industrialisering.
10. Redusera ulikskap i og mellom land.
11. Gjera byar og samfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige.
12. Sikra berekraftig forbruk og produksjon.
13. Handla umiddelbart for å stoppa klimaendringane og kjempa mot konsekvensane.
14. Bevara og bruka hav- og marineressursar på ein berekraftig måte.
15. Beskytta, oppattbygga og fremja berekraftig bruk av jorda sine økosystem, sikra berekraftig forvaltning av skog, trygga artsmangfaldet, kjempa mot ørkenspreiing og stoppa og reversera erosjon.
16. Fremja fredelege og inkluderande samfunn med vel fungerande rettssystem.
17. Styrka mekanismen for implementering av måla, og fornya globale partnarskap for berekraftig utvikling.



Skal verda klara å møta alle utfordringane me står over for, krev det handling på individuelt og lokalt nivå. Målet er å skapa nye verdiar på nye måtar, meir og betre velferd og å utvikla bærekraftige lokalsamfunn. Difor legg bærekraftsmåla føringane for samfunns- og arealplanlegging i Time kommune.

Oppsummert kan ein seia at det må arbeidast på tre område:

1. klima og miljø
2. økonomi
3. sosiale forhold

Det er samanhengen mellom desse tre dimensjonane som avgjer om noko er bærekraftig:

- Miljødimensjonen av bærekraftig utvikling handlar om å beskytte naturen, matjord og klimaet som ein fornybar ressurs for menneske.
- Den sosiale delen av bærekraftig utvikling handlar om å sikra at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv. Menneskerettane er det viktigaste utgangspunktet for dette.
- Den økonomiske dimensjonen av bærekraftig utvikling handlar om å sikra økonomisk tryggleik for menneske og samfunn.



4. Planbehov for perioden 2024-2027

Time kommune sin samfunnsdel i kommuneplanen vart vedteken i 2022. Planen har fire satsingsområde, og alle er fortsatt aktuelle. Grunna at samfunnsdelen er såpass ny, er det ikkje tenkt strukturelle endringar i denne, men justeringar for å plukka opp nasjonale føringar samt andre tema som kan dukka opp i prosessen. Arealstrategien i dagens samfunnsdel vert føreslått endra, då denne blant anna er utarbeidd etter utdaterte nasjonale føringar om jordvernsmål. I tillegg er planperioden for nokre planar utgått og må derfor reviderast.

4.1 Digitalisering og kunstig intlegens

I den nasjonale *Digitaliseringsstrategi for offentlig sektor 2019-2025* er målet med digitalisering av offentleg sektor å gi ein enklare kvardag gjennom betre tenester, meir effektiv ressursbruk i offentlege verksemd og leggja til rette for produktivitauke i samfunnet. Dette målet har Time kommune arbeida med over lang tid og digitaliseringsarbeid pregar kommuneorganisasjonen på tvers av tenesteområda.

Utviklinga over tid har gjort at kommunen er heilt avhengig av digitale verktøy for å drifra normalt. Det gjer at digital tryggleik og infrastruktur er eit satsingsområde som ikkje kan nedprioriterast. Kommunen har over tid måtta gjera viktige tiltak for å auka tryggleiken for at sensitive data og sikra at ikkje uvedkomande kjem inn i kommunen sine system.

Kunstig intlegens (KI) har vore brukt og utvikla over lang tid allereie, men utviklinga vart akselerert med lanseringa av ChatGPT hausten 2022. Det ligg utvilsamt potensiale for offentleg sektor i å ta i bruk KI, eksempelvis innan automatisert saksbehandling, administrative oppgåver og tekstbehandling. Erfaringsgrunnlaget i kommunal sektor er framleis noko avgrensa i omfang. Digitaliseringsdirektoratet har innhenta informasjon om prosjekt relatert til KI i offentleg sektor og så langt er berre 5 prosent av desse innan kommunal forvaltning. Det kjem truleg til å endra seg raskt.

Det å vera i front på utviklingsarbeid krev mye ressursar. Time kommune skal ikkje nødvendigvis vera i front, men det er viktig å følge utviklinga og ta i bruk moden teknologi der det kan forbetra tenester og ressursbruk.

Kommunen har i dag ein strategi for digitalisering og infrastruktur som vart vedtatt i 2017. Denne bør reviderast i løpet av kommunestyreperioden for å kunna peika retning for digitaliseringsarbeidet i kommunen framover.

4.2 By-, tettstad- og samfunnsutvikling

Samfunnsdelen 2022-2034 inneheld ein overordna arealstrategi. Målet med strategien er å gjera arealplanane betre tilpassa kommunen sine behov og utfordringar. Arealstrategien gjev langsiktig retning til kommunen sin areal- og ressursforvaltning. Kommunen sin bustadpolitikk og bustadplanlegging skal vera ein integrert del av kommunen sin strategi for arealutnytting og leggja til rette for ein variert befolkningsstruktur. Arealstrategien legg også vekt på å fremja næringsutvikling, redusera klimagassutslepp, tilpassa samfunnet til klimaendringane, skapa sosialt berekraftige samfunn og redusera nedbygging av dyrka mark og natur.

Som grunnlagsdokument er det til samfunnsdelen 2022-2034 utarbeidd ein «Areal- og fortettingsstrategi 2018-2050». Tidshorizonten til denne strategien er lengre enn

kommuneplanen sin tidshorisont, slik at kommunen, på ein ikkje-juridisk bindande måte, viser utbyggingsretningane kommunen set i eit lengre tidsperspektiv. «Areal- og fortettingsstrategien» har betydning for arealdelen som vart vedtatt før samfunnsdelen.

Areal- og fortettingsstrategiane 2018-2030 og 2022-2050 er dei fyste som kommunen har utarbeidd. For andre kommunar har det også vore nybrottsarbeid. I tillegg til eit skjerpa omsyn til jordvernet, er det no eit auka fokus på klimatilpassing, klimagassutslepp, ta vare på karbonrike areal, og til dømes tap av naturmangfald. I ein arealstrategi kan ein også ha fokus på om utbyggingar vil kunne krevja kommunaltekniske investeringar. Ein kunna også hatt eit større fokus på fortetting enn gjeldande strategi har.

I tillegg har det dei siste åra vore enkeltsaker kor ein har vurdert dei slik at dei må vurderast på kommuneplannivå.

Utfordringar knytt til FN sine berekraftmål:

Nr 11: gjera byar og samfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige

Planbehov:



- Avgrensa revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel i samanheng med revidering av arealdel
- Avgrensa revidering av kommuneplanen sin arealdel 2018-2030: avgrensa til revidering og differensiering av rekkefølgekrav om utbyggingstempo i perioden 2022-2050, vurderer formålsending for tiltak som har mellombels dispensasjon samt ei vurdering og avklaring for nokre konkrete spørsmål som har kome i perioden 2021-2024. Vurdere kommunale behov for tenesteyting
- Planvask: Ta ut Forsvaret sine områder aust i kommunen
- Revidering Areal- og fortettingsstrategi 2022-2050
- Slutføra revidering av Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026 (2024-2035)
- Ta ut krav om felles planlegging for områda på Håland og Re/Svertingstad
- Ta ut område sett av til handtering av overvatn (GB1) av området H810_1 ved Orrevegen

4.3 Arealplanar

I handlingsprogrammet til godkjent arealdel 2018-2030 er følgande behov for arealplanar nemnde (sjå oversiktskart under for plassering av dei ulike delområda):

- Utarbeida områdeplan for området H810_1 Re (delområde 1)
- Utarbeida områdeplan for området H810_2 Re (delområde 2)
- Utarbeida områdeplan for området H810_3 på Håland (delområde 3)
- Utarbeida områdeplan for området H810_4 på Håland (delområde 4)
- Utarbeida områdeplan for området H810_5 på Håland (delområde 5)
- Utarbeida områdeplan for området H810_6 på Håland (delområde 6)

- Revisjon av Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026 når det gjeld retningslinjer, føresegner og kart for å få samsvar med kommuneplan 2018-2030



Næringsområdet på Håland er regulert gjennom åtte reguleringsplanar. Den eldste vart godkjent i 1975, den siste i 2010, med ein revisjon i 2016. Næringsområda på Håland og i Vardheia har noko potensial for fortetting. Regjeringa har forventningar om at ein nyttar potensialet for fortetting før ein tek i bruk nye utbyggingsområde. For å kunna ta ut fortettingspotensialet med god arealutnytting, er det i handlingsprogrammet teke inn at det skal utarbeidast områdeplanar for kvart av dei fire delområda på Håland. Kommunen sine erfaringar med områdeplanar innanfor eksisterande busetnad er at det er krevjande å få gjennomført. Med tanke på ynsket om å stimulera til fortetting, vurderast det å vera meir hensiktsmessig å utarbeida ein kommunedelplan for næringsområda på Håland og Re/Svertingstad, og ikkje fem områdeplanar.

Utfordringar knytt til FN sine berekraftmål:

Nr 11: gjera byar og samfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige

Planbehov:

- Fjerna krav om felles planlegging for fleire eigedomar H810_2-6, inkl. å revidera kommuneplanen sin arealdel her
- Utarbeida ein kommunedelplan for næringsområda på Håland, Re/Svertingstad og næringsareal vest for fv44

4.4 Samfunnstryggleik og beredskap

Som nemnd i innleiinga legg regjeringa vekt på at me står overfor fire store utfordringar. Ei av dei er å skapa eit trygt samfunn for alle. Dette skal gjerast både gjennom beredskapsplanlegging etter sivilbeskyttelseslova og i samfunns- og arealplanlegging.

I arbeid med revisjon av arealdelen har kommunen fått eit kunnskapsgrunnlag som viser risiko knytt til klimaendringar og industriverksemdar.

Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse gjeld for perioden 2017-2020. Etter sivilbeskyttelseslova skal denne oppdaterast kvart fjerde år. Beredskapsplan for krisesituasjonar skal reviderast når ROS-analysen er ferdig.

Helse- og sosialberedskapsplanen og Smittevernplanen inkludert pandemiplan skal reviderast slik at dei til ei kvar tid er oppdaterte, heng saman med og har same tidsperiode som overordna beredskapsplan. Time og Klepp kommune har felles «Plan for psykososialt kriseteam». Alle desse tre fagberedskapsplanane er rekna som underordna planar til beredskapsplan for krisesituasjonar.

Ved revidering av heilskapleg ROS-analyse skal FylkesRos for Rogaland leggjast til grunn.

Utfordringar knytt opp mot FN sine berekraftsmål:

Nr 11: Gjera byar og samfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige

Planbehov:

- Revidera heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse
- Revidera beredskapsplan for krisesituasjonar
- Revidera fagberedskapsplanar innan helse, omsorg og smittevern.

4.5 Landbruk

Hå, Klepp og Time er blant dei viktigaste landbrukskommunane i landet. Kommunane har no kvar sin landbruksplan ut frå sine respektive føresetnader og prioriteringar. Time vedtok sin plan i 2017, med planperiode 2016-2026. Denne er difor moden for revisjon. Klepp reviderte i 2022 sin landbruksplan frå 2015. Hå vedtok sin fyrste kommunedelplan landbruk i 2022. Ein felles landbruksplan vil kunna bidra til meir lik og føreseieleg forvaltningspraksis i dei tre kommunane. Det vil truleg vera vanskeleg å få til ein felles plan no, då Klepp og Hå nyleg har vedteke sine planar. Time kommune bør difor revidere sin plan før 2026. Dei tre kommunane bør ha ambisjon om ein plan med felles praksis på arealforvaltninga ved neste revisjon, då nedbyggingstrussel av jordbruksareal er felles for Hå, Klepp og Time.

Utfordringar knytt opp mot FN sine berekraftsmål:

Nr 2: Utrydda svolt, oppnå mattryggleik og betre ernæring, og fremja berekraftig landbruk

Nr 6: Sikra berekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle

Nr 12: Sikra berekraftige forbruks- og produksjonsmønstre

Nr 13: Handla umiddelbart for å stoppa klimaendringane og bekjempe konsekvensane av dei

Nr 15: Beskytta, oppattbygga og fremja berekraftig bruk av jorda sine økosystem, sikra

berekraftig forvaltning av skog, trygga artsmangfaldet, kjempa mot ørkenspreiing og stoppa og reversera erosjon.


Planbehov:

- Revisjon av landbruksplan

4.6 Næring

Time kommune sin næringsstrategi 2024-2030 vart vedteken av kommunestyret 18.06.24 som ein felles næringsstrategi for Time, Klepp og Hå kommunar. Det skal utarbeidast handlingsplanar i dei tre kommunane for å følge opp strategien.

Næringsstrategien tar utgangspunkt i dei særlege konkurransefortrinna me har på Jæren og har enda opp i tre satsingsområde og fem strategiske grep illustrert i figuren under.



Utfordringar knytt opp mot FN sine berekraftsmål

Nr 8: Fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle

Nr 9: Bygge robust infrastruktur, fremja inkluderande og berekraftig industrialisering og bidra til innovasjon

4.7 Oppvekst, helse og levekår

4.7.1 Oppvekst

Strategiplan Oppvekst 2023-2029 vart vedteken av kommunestyret den 14.11. 2023.

Strategiplan for Oppvekst bygger på [kommuneplanen sin samfunnsdel](#), [FN sin barnekonvensjon](#) og [berekraftsmål](#). Planen skal vera eit styringsverktøy for einingane, og gje tydeleg og definert retning mot felles mål for Oppvekst. Økonomiplanane er handlingsdelen der prioriterte tiltak i strategien vil verte innarbeidd. I planen er omgrepet *ressursar* brukt, og dette inkluderer både økonomiske og menneskelege forhold som t.d. organisering, kompetanse, tidsbruk og økonomi.

Grunnlaget for planen er kapitla i samfunnsdelen som omhandlar **Gode kvardagsliv for alle** og **Me skal gjera det i lag**. Desse kapitla er basert på berekraftsmål nr 4 "God utdanning" og nr 17 "Samarbeid for å nå måla".

I strategiplanen er det valt ut fem sentrale satsingsområde frå samfunnsdelen der det innanfor kvart av desse områda er sett opp mål og tiltak:

- Trygge foreldre
- Samhandling for forebygging og tidleg innsats
- Inkluderande samfunn
- Oppvekst og digitalisering
- Rekruttera og behalda

Desse fem satsingsområda er førande for prioriteringar i løpet av perioden og mykje av arbeidet med dette vert operasjonalisert gjennom underliggende planar. Det vert lagt opp til ein revisjon av strategiplanen i løpet av 2027.

Strategiplan for Oppvekst har fungert godt som styringsverktøy for oppvekstområdet i Time. I løpet av planperioden endrar behovsbildet seg i kommunen, noko som gjer det nødvendig å ha eit system for revidering av strategiplanen.

Døme på dette er uføreseielege endringar knytt til asylsøklarar og flyktingar, noko som konkret påverkar dimensjonering og tilbodet i Flyktingtenesta og Bryne kompetansesenter. Eit anna døme er dreining av arbeidet med tidleg innsats i kommunen. Tidleg innsats arbeidet vert nå spissa og meir i retning av universelle førebyggjande tiltak. Dette vert understøtta av kunnskap og funn i folkehelseprofilen.

Skulebruksplan 2024 – 2032 vart vedteken i kommunestyret 07.05.24 ([KST 31/24](#)). Revidert barnehagebruksplan 2024 - 2028 vert lagt fram hausten 2024, med endeleg handsaming i kommunestyret i møtet 17.09.24. Skulebruksplanen vert revidert i 2028 og barnehagebruksplanen vert revidert i 2026.

I januar 2022 vart det i barnevernlova §15, 1. og 2. ledd innført krav om at kommunestyret sjølv skal vedta ein plan for kommunen sitt arbeid for å førebyggja omsorgssvikt og åtferdsproblem. Denne planen skal vera gjeldande for alle dei tre kommunalområda, og det er kommunalområde Oppvekst som har ansvar for å utforma og revidera planen saman med representantar frå dei andre kommunalområda. Time kommune sin plan for førebyggjande arbeid 2023-2026 vart vedteken av Time kommunestyre 28.03.23 ([KST 23/23](#)).

Time kommune sin plan for mangfald og inkludering 2018-2025 vart vedteken av Time kommunestyre 05.12.17 ([KST 71/17](#)). Dette er ein plan som skal danna ei felles plattform i integreringsarbeidet, og definera retning og innsatsområde for arbeidet. Planen er avgrensa til å omhandla flyktingar som innbyggjargruppe.

Utfordringar mot FN sine berekraftmål:

Med utgangspunkt i strategiplan oppvekst.

Nr 4: Sikra inkluderande og rettferdig kvalitetsutdanning for alle, og fremja livslang læring

Nr 17: Samarbeid for å nå måla

Planbehov:

- Revidera Plan for førebyggjande arbeid i 2025
- Revidera Strategiplan oppvekst i 2027
- Revidera barnehagebruksplan 2024 og 2026
- Revidera skulebruksplan 2028
- Revidera plan for mangfald og inkludering 2025

4.7.2 Helse

Strategiplan Helse og velferd 2022 – 2030 vart vedteken i 2022. Nasjonale føringar og handlingsplanar er lagt til grunn for utarbeiding av planen.

Planen vart utarbeidd med brei involvering frå tilsette, tillitsvalde, verneombod, frivillige organisasjonar og politikarar, og erstattar Strategiplan for Omsorg 2013-2025.

Endringane i demografi, med fleire eldre innbyggjarar og færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder, samt nye behandlingsmåtar i helsetenesta gjer endra føresetnader i helsetenestene.

Tenestemrådet ventar ei auke i tenestebehov og større utfordringar knytt til å rekruttera tilsette med fagutdanning. Dette krev nye måtar å organisera tenester på.

Helse og velferd har som mål å utforma tenester i samspill med innbyggjarane. Visjonen « Til stades i eige liv» skal vera styrande for tenesteutvikling og tildeling av tenester.

Tenestene legg vekt på å førebygga sjukdom og fremma meistring. Tenestene sikrar at innbyggjar framleis får nytta eigne ressursar, og meistra kvardagen mest mogleg på eiga hand. Målsettinga er at tenester blir tildelt etter BEON-prinsippet, Beste Effektive Omsorgs Nivå.

Strategiplan Helse og velferd 2022- 2030 har fem satsingsområder

1. Brukarmedverknad
2. Tidleg innsats
3. Frivillig innsats
4. Nye arbeidsmetodar og bruk av teknologi
5. Kompetanse, heiltid og rekruttering

Plan for legetenesta 2022- 2030 vart utarbeidd og vedteken i 2022. Planen bygg på nasjonale planar og føringar for legetenesta.

Utfordringar knytt mot FN sine berekraftmål:

Nr 3: God helse og livskvalitet

Nr 17: Samarbeid for å nå måla

Planbehov:

- Revidera Strategiplan Helse og velferd 2022- 2030
- Revidera Plan for legetenesta 2022- 2030

4.7.3 Folkehelse

God folkehelse vert skapt gjennom god samfunnsutvikling. Kommunane skal ha oversikt over helsetilstand, påverknadsfaktorar, utfordringar og ressursar. Oversikten skal reviderast kvart fjerde år. Gjeldande folkehelseplan for Time kommune er for perioden 2024-2027 og har peika ut prioriterte satsingsområde i perioden. Tiltak knytt til dei ulike satsingsområda ligg i fagplanar og økonomiplan. Oversikten er ein del av kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med planstrategien.

Kommunane skal ha ein alkoholpolitisk handlingsplan, jf. alkohollova §1-7d. Det er naturleg at handlingsplanen også dekker andre rusmiddel, sjølv om fokus vil vera mest på alkohol. Planen bør konkretisera kva tiltak kommunen vil setta i verk for å nå den landsomfattande målsettinga om å redusera alkoholforbruket.

Utfordringar knytt til FN sine berekraftmål:

Nr 3: Sikra og fremja god helse for alle

Planbehov:

- Revidera rusmiddelpolitisk handlingsplan 2024-2027

4.8 Klima, miljø og natur

Klima- og miljøplan 2023-2033 vart vedteken av kommunestyret 28.03.2023. Det er ein temaplan, men med ein medverkingsprosess som i ein kommunedelplan. I planen er det satt eit kommunalt klimamål om ein reduksjon av klimagassutslepp med 55 %, utan biologiske utslepp frå jordbruk, fram mot 2030. I følge framskriving av klimagassutslepp i Time kommune vil målet ikkje verte nådd utan ein sterk intensivering av tiltak. Klimatilpassing er inkludert i ny klima- og miljøplan.

Tilhøyrande klima- og miljøplan er det ein handlingsplan 2023-2026. Handlingsdelen inneheld konkrete tiltak, med ei kopling mot økonomiplan og årsrapport.

Utviklinga er stor i globalt og nasjonalt arbeid med klima og miljø. I dei statlege planretningslinjene står det at klima- og miljøplanar må vurderast revidert kvart fjerde år. Handlingsplanen varar til 2026, og må reviderast før det. Dei neste åra skal Time kommune følge opp måla og tiltaka vedteken i klima- og miljøplanen. Time kommune må etablere eit overordna system for klimabudsjett og klimarekneskap.

I planstrategi 2019-2023 står det at planen skal inkludera vern av natur. For å sikre ein god strategi for vern av naturmangfald, vart arbeidet med natur starta opp etter at klima- og miljøplanen vart vedteken. Time kommune har fått støtte frå Miljødirektoratet for å lage naturplan. Naturplan forventast å verte vedteken i løpet av 2024.

Fylkeskommunen arbeidar med ein Regionalplan for klimaomstilling i Rogaland. Time kommune er med som representant for kommunane på Jæren. Regionalplan for klimaomstilling skal både inkludere plan for klimagasskutt og klimarisiko.

For verna vassdrag skal det lagast tiltaksplanar. For Håelva vart det laga ein tiltaksplan i 2017 saman med Hå kommune. Saman med Klepp kommune vert det nå arbeidd med ein tiltaksplan for Orrevassdraget. Det forventast at den ferdigstillast i løpet av 2024. Dei neste åra skal Time kommune jobbe aktivt med forbetring av vassdraga i samsvar med tiltaksplanane, saman med grunneigarane.

For dei neste åra er det viktig å fortsette, og helst intensivere, arbeidet med klima, miljø og natur. Desse temaa må òg sjås i samheng med kvarandre, og anna tema som friluftsliv, landbruksdrift og arbeid med kommuneplan.

Utfordringar knytt opp mot FN sine berekraftsmål:

Nr 7: Rein energi til alle

Nr 11: Berekraftige byar og lokalsamfunn

Nr 13: Stoppe klimaendringane

Nr 14: Livet på land

Nr 17: Samarbeid for å nå måla

Planbehov:

- Revidere klima- og miljøplan sin handlingsdel 2023-2026
- Lage klimabudsjett og klimarekneskap

4.9 Kultur

Kulturminneplan Time kommune 2008-2019 vart vedteken av kommunestyret i 2008. Dette var kommunen sin første kulturminneplan. Det vart gjort eit omfattande arbeid med å kartlegga og registrera over tre hundre kulturminne i kommunen som del av planarbeidet. Med dette som basis inneheld planen både eit plankart og ein tekstdel med prioriterte lister over kulturminna. Kulturminneplanen vart vedteken som ein kommunedelplan.

Planen vert nå revidert. Revidert plan vert ein temaplan, og tittelen vert kulturmiljøplan. Med utgangspunkt i statlege føringar vert det nå lagt meir vekt på heilskaplege kulturmiljø, ikkje berre enkeltobjekt. Når planen er revidert, må det vurderast korleis og når den skal innarbeidast i Kommuneplan 2018-2030 og Kommunedelplan for Bryne sentrum 2024-2035.

Jf. Nasjonale forventningar skal kommunen identifisera og ta omsyn til viktig naturmangfald, friluftslivområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap i planlegginga. Kulturmiljø med meir skal leggest vekt på ved høg arealutnytting. Tal på verneverdige bygningar vert færre, og vedlikehald kan vera eit problem. Andre bygningar med lågare vernestatus bør for eksempel vurderast om skal ha vern.

I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel vart det konstatert at den nasjonale kartlegginga av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) ikkje hadde kome langt nok til å ta den med i arealdelen. Det er to område i Time kommune som vurderast som aktuelle. Fylkeskommunen føreset at områda vert innarbeidde i revidert Kulturminneplan og ved neste rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Utfordringar knytt opp mot FN sine berekraftmål:

Nr. 11.4: Styrka innsatsen for å verna om og sikra verden sitt kultur- og naturarv.

Planbehov:

- Slutføra Kulturmiljøplanen
- Innarbeida Kulturmiljøplanen i kommuneplanen sin arealdel og i kommunedelplan for Bryne sentrum

4.10 Eigarskapspolitikk

Kommunane har stor fridom til å organisera verksemda si. Det gjeld både kva som skal delegerast vidare innanfor kommunen, for eksempel frå kommunestyret til kommunedirektøren, og kva som skal delegerast eller overførast til organ utanfor kommunen. Kommunen sine representantar i dei ulike organa er valde av kommunestyret, og er dermed indirekte valde av innbyggerane.

Det har over tid vore vesentlege endringar i korleis kommunane organiserer verksemda si. Blant anna har det vore ei auke i bruk av selskap. Kommunane opptreer også i større grad som aktørar i ein økonomisk marknad enten ved at dei sjølv eller via ulike samarbeid tilbyr tenester i marknaden i konkurranse med andre.

Time kommune har ei rolle som strategisk og langsiktig eigar i ulike selskap. Kommunen har valt å leggja noko av verksemda si til selskap eller av andre grunnar vera eigar i selskap. Time har ikkje oppretta nokon kommunale føretak. Kommunen er eigar i nokre interkommunale selskap og aksjeselskap, men eigarportefølgja er relativt avgrensa. I dei seinare åra har det vore størst auke i talet på formalisert kommunesamarbeid.

Kommunen har som mål at det er opne forhold rundt eigarskapet. Prinsippa og rutinane for korleis dette skal ivaretakast og om det fungerer i praksis, må drøftast jamleg. Det er utarbeidd eigarstrategiar for enkeltelskap i samarbeid mellom kommunane som er eigarar. Det vert i eigarskapspolitikken gjort ei vurdering av behovet for å gjera det for fleire selskap. Etter ny kommunelov, §26-1, er plan for eigarskapspolitikk noko alle kommunar må ha.

5 Planstrategi 2024-2027

5.1 Oversikt over planarbeid som vert vidare- eller slutført i perioden

- Kommunedelplan for Bryne sentrum 2024-2035
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026
- Trafikksikringsplan 2016-2025
- Hovudplan for vatn og avløp 2016-2026
- Kulturplan 2019-2027
- Kulturmiljøplan 2024-2035
- Handlingsplan for inkludering, likestilling og mangfald
- Arbeidsgjevarstrategi
- Handlingsplan for vald i nære relasjonar 2020-2024
- Felles næringsstrategi for Hå, Klepp og Time
- Tiltaksplan for Hå-vassdraget

5.2 Planar som vert reviderte eller utarbeidde i valperioden 2023-2027

Kommunen bruker følgende plankategoriar: kommuneplan, kommunedelplanar, område- og detaljreguleringsplanar, strategiar og temaplanar. Tabellen gjev tidspunkt for politisk behandling av planane. Planar merka med * er lovpålagt.

Plantype /årstal	2024	2025	2026	2027
Kommuneplan				
*Kommuneplan - samfunnsdel inkludert arealstrategi og bustadstrategi		X		
*Kommuneplan - arealdel		X	X	X
Kommunedelplanar				
Revisjon av KDP for Bryne sentrum (2024-2035)	X			
Kommunedelplan områda Håland/ Re/Svertingstad		X	X	
Strategiplanar				
Strategiplan oppvekst				X
Strategiplan omsorg			X	
Temaplanar				
*Heilskapleg ROS-analyse		X		
Digitaliseringsstrategi			X	
Hovudplan for vatn og avløp 2024-2044	X			
Skulebruksplan 2024-2032	X			
Barnehagebruksplan 2024-2028	X		X	
*Folkehelseprofil				X
*Rusmiddelpolitisk handlingsplan	X			
*Eigarskapspolitikk		X		
Tiltaksplan for Orrevassdraget		X		

